



KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020 – 2024 KVITeseID KOMMUNE

Dokument godkjent kommunestyresak 25/21 20.05.2021

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Føremålet med kommunal planstrategi.....	3
2.1	Omtale av prosessen.....	3
3.	Kommunens plansystem	3
4.	Overordna føringar og dokument	4
4.1	Nasjonale forventingar	4
4.2	Regionale planar og føringar	4
4.3	Interkommunalt plansamarbeid.....	4
4.4	Kommunereforma	4
5.	Utviklingstrekk og utfordringar for Kviteseid kommune.....	5
5.1	Utvikling, samfunn og infrastruktur	5
5.2	Brukar / tenester	6
5.3	Organisasjon og medarbeidarar	7
5.4	Økonomi	7
6.	Kommunal planstrategi 2021-2024	8
	Oversikt over planer og revisjonspunkt	

1. Innleiing

Plandelen i plan- og bygningsloven, som blei gjort gjeldande frå 01.07.09, inneheld føresegner som kommunen må legge til grunn i planarbeidet sitt. § 10-1 i plan- og bygningsloven seier at:

Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret. Det skal innhentast synspunkt frå statlige og regionale organ og nabokommunar, og forslaget skal vere offentleggjort i minst 30 dagar før behandlinga i kommunestyret.

Planstrategien har ingen rettsverknad, og er heller ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan reviderast ved behov i valperioden.

2. Føremålet med kommunal planstrategi

Dokumentet *Kommunal planstrategi* skal klargjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere for å legge til rette for ønskja utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi er retningsgivande for prioritering av planoppgåvene.

I plan- og bygningslova frå 1985 var det krav om at kommunestyret minst ein gong i løpet av valperioden skulle ta stilling til om kommuneplanen skulle rullerast. I ny planlov er dette erstatta med krav om vedtak av kommunal planstrategi. I denne skal kommunestyret ta stilling til om heile eller delar av kommuneplanen skal reviderast. Kommunal planstrategi skal vedtakast innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan med mål og strategiar, men ein plan for planlegging dei neste tre-fire åra. Sentrale utviklingstrekk og utfordringar bør likevel drøftast for å kunne vurdere planbehovet. Kommunal planstrategi er og eit egna verktøy for å vurdere plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunen. Det er likevel resultatet av tiltak som følgje av planane som viser om vi har lykkast eller ikkje. Det er viktig at vi prioriterer tiltak som gjer at vi når målet.

2.1 Omtale av prosessen

Proessen med kommunal planstrategi har vore gjennomført på fylgjande vis:

Det har vore innleiande drøftingar i leiargruppa. 17. august og 21. september. Etter dette har rådmannen på nytt arbeidd med dokumentet.,

Dokumentet *Kommunal planstrategi* vil bli lagt fram for formannskapet i møtet 04. Februar for deretter å bli lagt ut til offentleg ettersyn. Innhenting av synspunkt frå nabokommunar og statlege/regionale fagorgan vil òg bli gjort i denne perioden.

3. Kommunens plansystem

Planar med ein arealdel (kommune(del)planar og reguleringsplanar) er styrt av plan- og bygningsloven.

Kommuneplan

Samlenemning som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Planen skal ha eit 12-års perspektiv.


Kommunedelplan

Planar for avgrensa område (areal, tema eller verksemdsområde, til dømes reguleringsplanar (areal), trafikksikkerhetsplan (tema) eller omsorgsplan (verksemdsområde). Planen har eit 4-12-års perspektiv.

Handlingsdel

Er den fireårige oppfylgginga av kommuneplanen. Økonomiplanen er del av handlingsdelen.

Planhierarkiet



4. Overordna føringar og dokument

4.1 Nasjonale forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I forventningane for perioden 2021-23 peiker regjeringa på fire store utfordringar:

- å skape et bærekraftig velferdssamfunn
- å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning
- å skape et sosialt bærekraftig samfunn
- å skape et trygt samfunn for alle

Regjeringa vil at FN sine 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane, og at dei skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. I tillegg er det ei rekke lover og statlege planretningslinjer som legg føringar for kommunale planlegging og som kan gje grunnlag for motsegn.

4.2 Regionale planar og føringar

Dei regionale forventingane til kommunal planlegging er samla og konkretisert i dokumentet *Regional planstrategi 2020-2024, (Å utvikle Vestfold og Telemark – verdiskaping gjennom grønn omstilling)*

Andre sentrale dokument på regionnivå for arbeidet med kommunal planstrategi i Kviteseid er:

Regional plan for folkehelse (2018)

Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (2015 - 2025)

Regional plan for vassforvaltning i vass-region Agder 2016-2021

Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vestfold og Telemark

Regional plan for trafikksikkerhet

Strategi for kulturfeltet

Strategi for næring og innovasjon

Strategi for opplæring

Regional klimaplan for Telemark (2019)

FylkesROS

4.3 Interkommunalt plansamarbeid

Dette vil for Kviteseid kommune i stor grad bli initiert i regionrådet for Vest-Telemark. Av planar vedtatt av Vest-Telemarksrådet nemnast *Strategisk næringsplan for Vest-Telemark, og Felles IKT-strategi for Vest-Telemark. Det vert jobba med er felles klima og miljø- og klimaplan for kommunane i Vest-Telemark. Denne kjem til endeleg handsaming i kommunestyra i løpet av 2021.*

5. Utviklingstrekk og utfordringar for Kviteseid kommune

Under fylgjer eit samandrag av prioriterte mål og konsekvensar for tiltak og planlegging dei komande 4 åra. Både arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen er vedteken 2019/2020. Vurderinga er difor at denne ikkje treng rullerast i inneverande kommunestyreperiode.

Planane gir og eit godt grunnlag for å seie noko om kva andre planar som bør rullerast i denne perioden. Det er og eit godt verktøy for å seie noko om dei viktigaste utfordringsbilda i perioden som kjem.

Folketalet i Kviteseid har gått tilbake over ei lang årrekke, og det er eit hovudmål å snu denne utviklinga. Det blir difor viktig at både planar og tiltak har fokus på, og ei forventning om at så skal kunne skje.

5.1 Utvikling, samfunn og infrastruktur

Prioriterte overordna mål:

- Positiv folketalsutvikling
- Kviteseid kommune skal vere eit levande, inkluderande og attraktivt lokalsamfunn
- Fleire arbeidsplassar og vidareutvikling av næringslivet med tilhøyrande infrastruktur
- Legge til rette for trivsel og god folkehelse hjå innbyggjarane
- Sikre livskvalitet, naturressursar og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar
- Rask og sikker kommunikasjon i kommunen og med regionen
- Tilby barnehageplass til alle born i kommunen som ønsker det
- Sikre elevar god kvalitet i opplæringa
- Skape tryggleik for innbyggjarane i Kviteseid med omsyn til liv, helse og eigedom
- Stimulere utvikling av anlegg og område knytt til idretts- og friluftaktivitetar
- Styrke det interkommunale samarbeidet innan næringsutvikling

- I gjennomføring av tiltak betyr det at det er lagt vekt på:
- Vere pådrivar for utbygging i nye bustadfelt og i marknadsføre byggeklare tomter
- Vere pådrivar og tilretteleggjar for næringsutvikling. Støtte lokalt næringsliv
- Fylgje opp forslag i kommuneplanen og reguleringsplanar om bustadbygging
- Oppgradering av VA: Saneringsplan for Vrådal og Kviteseid
- Syte for god digital infrastruktur i kommunen
- Fortsette det gode arbeidet som trafikksikker kommune
- Hindre forfall på kommunale vegar (55 km) og bygningsmasse innanfor økonomiske rammer

- I planlegginga omhandlar dette blant anna:
- Lage helse og omsorgsplan
- Revidere utviklingsplan for skule og barnehage
- Revidere beredskapsplanen
- Revidere trafikksikringsplanen
- Revidere klima og energiplanen – Saman med dei andre Vest-Telemark kommunane
- Revidere landbruksplan
- Revidere strategisk næringsplan
- Ny reguleringsplan for bustadfelt Stålandsåsen
- Revidere reguleringsplanen for Eidsto.
- Revidere reguleringsplanen for
- Inkludere digital infrastruktur i alle kommunale reguleringsplanar

5.2 Brukar / tenester

Prioriterte overordna mål:

- Leverer gode og framtidretta tenester til innbyggjarane
- Gje god informasjon
- Kviteseid kommune skal vere positiv til interkommunalt samarbeid i regionen
- God sakshandsaming i samsvar med gjeldande lovverk
- Ha tilgjengelege kommunale tenester

I gjennomføring av tiltak betyr det at det er lagt vekt på:

- Samarbeid for å oppretthalde kvalitet og fagleg nivå på tenestene
- Fokus på folkehelse og førebyggjande tiltak i alle einingar
- Ta i bruk ny teknologi både på eksisterande og nye område
- Digitalisere tenester
- Vurdere nye interkommunale samarbeidsløysingar
- Oppretthalde og forbetre kvaliteten i skule og barnehagane

I planlegginga omhandlar dette blant anna:

- Revidere bustadsosial handlingsplan
- Revidere smittevernplanen
- Ny plan mot vald i nære relasjonar
- Revidere rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Lage plan for bruk av velferdsteknologi (felles for Vest-Telemark)

5.3 Organisasjon og medarbeidarar

Prioriterte overordna mål:

- Vere ein effektiv organisasjon tilpassa oppgåver og samfunnsutvikling
- Kompetansen til medarbeidarane i Kviteseid kommune skal vere oppdatert og framtidsretta
- Legge til rette for trivsel og lågt sjukefråvær
- Legge til rette for eit inkluderande arbeidsliv

I gjennomføring av tiltak betyr det at det er lagt vekt på å:

- Kunne tilby større stillingar for deltidstilsette som ynskjer det
- Redusere sjukefråvær
- Minimalisere vikarbruk
- Skape ein god organisasjonskultur
- Oppnå ein kostnadseffektiv tenesteproduksjon ved bruk av eigne ressursar, samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen
- Ivareta godt omdømme og vere gode ambassadørar
- Ha gode rutiner og god dialog med tillitsvalde og verneombod
- Rekruttere og halde på medarbeidarar
- Gjennomføre kompetanseheevande tiltak

I planlegginga omhandlar dette blant anna:

- Revidere arbeidsgjevarstrategien
- Lage kompetanseplan

5.4 Økonomi

Prioriterte overordna mål:

- Sikre god økonomistyring
- Forvalte kommunal eigedom og egedelar i eit langsiktig perspektiv
- Kviteseid kommune må skapa ein økonomisk handlefridom, som er tilstrekkeleg robust til å takle uføresette hendingar
- Ha ein sunn kommuneøkonomi med positivt netto driftsresultat

I gjennomføring av tiltak betyr det at det er lagt vekt på:

- Tilpasse tenestenivå og oppgåver til dei økonomiske realitetane
- Energiøkonomisering ved oppfylgging av energi- og miljøplan
- Optimalisere kommunen sine inntekter ved etablering av gode rutiner for:
 - Sal av tenester
 - Fastsetjing av rett avgiftsnivå
- God økonomistyring ved rutiner for budsjettrapportering
- Halde økonomisk rammer i heile organisasjonen
- God medverknad frå einingane i budsjettprosessen

6. Kommunal planstrategi 2020-2024

I dette kapitlet er det gjort ei vurdering og prioritering av planbehova dei neste fire åra. Kva fokusområde som skal leggast til grunn for dei planane kommunen vil rullere/utarbeide må utdjupast seinare, i planprogram og/eller oppstartsvarsel for den enkelte plan. Ved utarbeiding av planprogram må det leggast vekt på utfordringsbildet i kap. 5, og dei nasjonale og regionale føringane.

Tabellane under gir ei oversikt over gjeldande planar, planar under arbeid og forslag til nye planar. Det er gjort ei avgrensing til kommuneplan/kommunedelplanar, temaplanar/ sektorplanar som har karakter av strategiplanar og reguleringsplanar for areal og infrastruktur i offentleg eige. Planar av typen handlingsplanar, verksemdsplanar og årsplanar er interne styringsdokument for einingane.

Det er sett opp rulling av to eldre reguleringsplanar. Bakgrunnen for at desse planane er vald er med bakgrunn i ei vurdering av at det er att fleire ledige tomter i planområdet, og at det i tillegg har vore interesse for å kjøpe/utvikle tomter i desse områda.

I revisjon av desse reguleringsplanane, vil ein følgje opp arbeidet med kommuneplanen, slik at areal som ikkje er nytta, og som vi ikkje trur kan nyttast, vil bli tilbakeført til LNF- område.

Private reguleringsplanar ikkje tekne med i oversikta, men går fram av arealdelen av kommuneplanen.

I denne oversikta betyr 'rullerast' fyrst og fremst at det skal vurderast om planen må endrast, utan at det er tatt stilling til om ei endring faktisk skal skje/er nødvendig.

Oversikt over planar og rulleringspunkt

Overordna	Vedtatt	2021	2022	2023	2024
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030	2018				
Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030	2019				
Kommunal planstrategi	2017	x			x
Økonomiplan (4 år)	2020	x	x	x	x
Budsjett (1 år)	2020	x	x	x	x
Fagplanar: Samfunnsutvikling og teknisk drift					
Beredskapsplan	2015				x
Overordna ROS-analyse for heile kommuner	2019			x	
Klima og energiplan	2010	x			
Trafikksikringsplan	2018		x		
Landbruksplan	2014			x	
Fagplanar: Barnehage / Skule					
Overordna utviklingsplan for skule og barnehager	2013	x			
Plan for busetjing og integrering av flyktningar	2015				
Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kviteseid kommune	2020			x	
Vedtekter for SFO	2018	x			x
Læreplan for kulturskulen	2020			x	
Lokal rammelan for SFO			NY		

Overordna	Vedtatt	2021	2022	2023	2024
Administrative fagplanar: Barnehage og skule					
Beredskapsplan for skule og barnehage	2020		x		x
Ein trygg start. Plan for overgang barnehage	2018	x		x	
Trygt og godt skulemiljø i Kviteseid	2019		x		x
Trafikkplan for skulane i Kviteseid	2019	x			
Inkludering og læring for alle – spes.ped. p 20*			x		x
Opplæring av minoritetsspråklege elevar i skulen			NY		
Overgangar i skulen		NY			
Fagplanar: Helse, omsorg, VBO					
Bustadsosial handlingsplan – Vest-Telemark	2007				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2008				x
Smittevernplan	2020		x		
Psykiatriplan /Omsorgsplan	2007				
Plan mot vald i nære relasjonar	2018			x	
Folkehelseplan	NY		X		
Bustadsosial plan - Kviteseid kommune		x			
Helse- og omsorgsplan, sektorplan		X			
Habilitering- rehabiliteringsplan	NY	x			
Pandemiplan	2019				
Beredskapplan/kontinuitetsplan Covid-19	2020				
Demensplan	2016	x			
Fagplanar (Rådmann)					
Strategisk næringsplan	2014		x		
Kulturminneplan -	2019				Nye tema?

Tillegg etter handsaming i kommunestyret:

- Saneringsplan for Vrådal og Kviteseid vert lagt fram for politisk handsaming i 2021/2022
- Plan for Helse og sosial beredskap vert revidert i 2023.
- Pandemiplan vert revidert i 2022
- Beredskapsplan/kontinuitetsplan Covid 19 vert revidert i 2022

Reguleringsplanar					
Reguleringsplanar (RP)					
(Årstal= vedtatt eller sist endra)					
Stålandsåsen ny plan			X		
-	Åslandsfeltet I (1972)	1972			
-	Lauvstad (1976)	1976			
-	Ordalfeltet I (1976)	1976			
-	Åslandsfeltet II (1977)	1979			
-	Kviteseid sentrum (1979)	1979			
-	Kvitsund I (1979)	1979			
-	Prestegardshamni (1979)	1981			
-	Skreosen (1981)	1981			
-	Hellebroi (1981)	1982			
-	Roarfeltet (1982)	1982			
-	Kviteseid trygdeheim (1984)	1984			
-	Flatland (1985)	1985			
-	Morgedal sentrum (1985)	1985			
-	Hegna/Åsland (1986)	1986			
-	Vrådal sentrum Eidsto I-II (1986)	1987	X		
-	Solli-Bjørkeset (1986 - 1987)	1987	X		
-	Finndalen –Lunden (1987)	1987			
-	Høgvoll (1988)	1988			
-	Vrådal sentrum Eidsto II (1990)	1990			
-	Morgedal sentrum (1992)	1992			
-	Straumsnes-Revskil-Kråkenes (1995)	1995			
-	Midtsund (1995)	1995			
-	Østenå-Fjågesund (1995)	1995			
-	Kviteseidbrui (1997)	1997			
-	Åkragen (1998)	1998			
-	Bjørkeset (1999)	1999			
-	Lunden Midtsund (2000)	2000			
-	Sundebrui-Kvitsund (2000)	2000			
-	Sundkilen brygge (2002)	2002			
-	Kviteseid kyrkje og kyrkjegard (2002)	2002			
-	Kviteseid sentrum (2006)	2006			
-	Kviteseidkrysset (2006)	2006			
-	Vrådal sentrum (reinesanlegget m.m. (2010)	2010			
-	Straumsnes (2013)	2013			
-	E134 Seljord gr - Tokke gr. (2015)	2015			
-	Midtsundåsen (2015)	2020			
-	Morgedal tursti m.m. (2015)	2015			